

LOVER FOR BONDEUNGDOMSLAGET I TROMSØ

Vedtatt på årsmøte 26/2-2012 og 10/3-2013

§2 MEDLEMSKAP

Alle som godkjenner føremålet til Bondeungdomslaget i Tromsø kan bli medlem.

Medlemskapen gjeld frå den dagen medlemskontingenten er betalt.

For å ha røysterett må ein ha fylt 14 år, ha vore medlem i minst tre månader og ha betalt medlemskontingenten for inneverande år. For å ha røysterett på årsmøtet må ein ha betalt medlemskontingenten for meldingsåret.

For å bli vald til leiar i laget må ein ha vore medlem med fulle rettar i to år. For å bli vald til styremedlem eller varamedlem må ein ha vore medlem med fulle rettar i eitt år.

Medlemmer som står til rest med medlemskontingenten for meir enn seks månader, skal strykast av medlemslista. Dei skal ha skriftleg melding og høve til å betale skyldig kontingent innan ein månad. Styret kan etter søknad fråfalle kravet om kontingent.

Medlemskontingenten er den som årsmøtet til kvar tid fastsett.

Tas inn som ny setning:

Medlemmer som tek på seg lagsarbeid for mindreårige og personar med nedsatt funksjonsevne skal ha lytefri vandel.

§3 EKSKLUSJON

Dersom eit medlem motarbeider (*Utthevet taes inn*) **eller oppfører seg i strid med føremålet** til organisasjonen, eller ikkje vil rette seg etter lover og føresegner, kan vedkommande strykast som medlem. Slike avgjerder kan ein anke til årsmøta i fylkeslag og landslag.

§11 LOVENDRINGAR

Endringar i desse lovane kan berre gjerast på ordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal.

Gml:

Framlegg til lovendringar må vere komne til styret seinast 1. januar, og skal drøftas på medlemsmøte i laget sinast 14 dagar før årsmøtet.

Ny:

Framlegg til lovendringar må vere komne til styret seinast 1. januar, og skal gjerast kjent for medlemmane i laget seinast 14 dagar før årsmøtet.

Endring i §§ 1, 5, 10 og 11 må dessutan godkjennast av styret i Noregs Ungdomslag etter først å vere godkjent av to etterføljande ordinære årsmøte i laget.